

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 23. januar 2018

Frå: Fylkesrådmannen

Orientering om rettskraftig dom i straffesak

I FU-sak 93/17, dokument 9, orienterte fylkesrådmannen fylkesutvalet om Sogn og Fjordane tingrett si domsavgjerd av 07.09.17 i straffesaka mot den tidlegare direktøren for tannhelsetenesta.

Domfelte anka skuldspørsmålet. I desember nekta Gulating lagmannsrett å fremje anken til handsaming. Tingrettsdommen er såleis no rettskraftig.

I dommen vart fylkeskommunen tilkjend 2,7 MNOK i erstatning frå domfelte. Statens innkrevingssentral vil stå for innkrevjing av erstatningsbeløpet.

Bakgrunnen for dommen er at domfelte – for fylkeskommunen si rekning - har kjøpt inn ei svært stor mengde varer, for det meste elektronikk, til bruk utanfor den fylkeskommunale verksemda. No når dommen er rettskraftig og beslaget i gjenstandane er oppheva, planlegg fylkesrådmannen å engasjere ein medhjelpar (selskap) som skal bistå fylkeskommunen med å selje varene. Fylkesrådmannen legg opp til å sende ut ein tilbudsforespurnad om oppdraget til ca. fire aktuelle medhjelparar.

Dette til fylkesutvalet si orientering.